


MISHIMA



Jens Bjarneboe:

Utdrag frå føreordet til «Justine eller Dydens ulykker» av Marki de Sade.

- - -

Fra før midten av det 18. århundre – hvis forfall ikke minst er blitt beklaget av de Sade – besto Frankrike av hunger, nød, undertrykkelse og tortur. Mot denne bakgrunn av «et fordervet århundre» må man se marquis de Sade's verk.

Det var på denne tid Voltaire hadde avslørt kirkens og kirkehistoriens humbug og bestialitet. Det røk fremdeles av asken etter kjetter- og heksebålene, og de siste var fremdeles ikke brent ned. Uten adgang til de kilder og den dokumentasjon som har stått til disposisjon for senere århundredes historiske forskning, kom Voltaire til det resultat at kjærlighetens og broderlighetens religion bare innenfor Europa hadde krevet nesten ti millioner offere, – ti millioner lemlestede, torturerte, levende brendte menn, kvinner og barn. Idag vet vi at Voltaire tok feil, antallet uskyldige offere for kirkens bødler og torturister, antallet av stekte, radbrukne, ihjelpinte offere for Kristi kjærlighet er *ikke* ti millioner.

Det er femti millioner!

Den verdslige rettferdighet behøver ikke å skamme seg ved en sammenligning, juristene sto ikke tilbake for teologene! De Sade levde i en religøs og verdslig verden hvis rettferdighet eksellerte i utrevne tunger, oppsprettede maver, utstukne øyne, avhuggede hoder og levende stekte menneskekropper. Det skjeddde i kjærlighetens og Sønnens og Faderens og Åndens navn.

De samme teologer – protestantiske som katolske –, og de samme jurister

har våget å sette seg til doms over marquis de Sade, over et menneske som ikke en gang i sine mest uhemmede fantasier har forestillet seg en brøkdell av det som for kirkens og rettslivets menn var daglig *praksis!*

Den guddommelige marquis var et barn i sammenlikning med sine ærverdige, moralske, teologiske og juridiske menneskebrødre.

- - -

Det fantes enda en mann i Frankrike, som ikke bare forlangte neger-slaveriet i koloniene opphevet, men også krevet dødsstraffen avskaffet, – det var den dydsirede, «Den Ubestikkelige», det var Robespierre, den mannlige Justine.

Man burde lære dette på skolen: To av de tidligste og ivrigste motstandere av dødsstraffen som historien kjenner til, var marquis de Sade og Maximilien Robespierre! De to humanister ble i alle fall ikke omtalt i denne forbindelse i mitt historiepensum. En flekk i bildet er det imidlertid at Robespierre bare er motstander av dødsstraffen inntil han selv kommer til makten, selv om han utelukkende henrettet sine motstandere på grunn av deres lave moral og for å frelse revolusjonen fra deres syfilittiske favntak. Det store problem med Maximilien Robespierre var at han etter hvert ikke bare identifiserte seg med kjelenavnet «Den Ubestikkelige», men skritt for skritt også med Gud, med Forsynet, med Dyden, Rettferdigheten og med Revolusjonen, Eiendomsretten og Folket. Dette Folk skulle være dydig, renslig, ærlig,

sparsommelig og gudfryktig. Alle uærlige, forræderiske, lidderlige, ateistiske og uenige mennesker skulle på skafottet. Han fikk en del av dem dit.

Bare marquis de Sade gjorde ikke en flue fortred, men han var ikke lenger tidens mann. Marat var død. Og Robespierre hadde hugget hodet av Danton.

Pax forlag 1980.

SADISME (fr.). Seksuell perversitet der seksuell tilfredsstilling er avhengig av at andre blir påførte smerte, tortur eller audmjuking. Den vanlegaste sadistiske handlinga er pisking. Uttrykket skriv seg frå den franske Marki de Sade, som i romanane sine skildra denne legninga. Uttrykket er etter kvart gått over til å tyde all kjensle av glede over brutal framferd.

BØKENE Marki de Sade hadde skrive, var totalforbodne i Frankrike frå 1814 til 1958. Moderne kritikarar har sett han som banebrytar for den tyske filosofen Nietzsche sin teori om overmennesket og for psykoanalysens studium i seksualitetens patologi. Surrealistane har dyrka bøkene hans som einestående kikehol inn til det undermedvitne.

«. . . Min måte å tenkje på, seier du, kan ikkje godkjennast. Trur du eg uroar meg for det? Ein narr og ein stakkar er verkeleg den som tek etter andre sin måte å tenkje på! Min måte å tenkje på nedstammar direkte frå min mest medvitne ettertanke; den er ein del av min eksistens, av den måten eg er skapt på. Det er ikkje i mi makt å endre den, og sjølv om det var, ville eg ikkje gjere det. Denne måten å tenkje på, som du finn feil ved, er mi einaste trøyst i livet; den veg opp for alle lidningane i fengslet, den erstattar alle mine gleder i verda utanfor, den er meg meir kjær enn livet sjølv. Ikkje min måte å tenkje på, men andres måte å tenkje på, har vore kjelda til mi ulykke . . . Dersom, som du fortel, dei er villige til å gi meg fridomen att, mot at eg betalar for den ved å ofre grunnsetningane og meiningane mine, da kan vi by kvarandre eit evig adjø, for heller enn å skiljast frå dei, vil eg ofre livet og fridomen tusen gonger, . . . og ingen treng nokon gong tale til meg om fridom, dersom den blir bydd meg for prisen av at den blir øydelagd.»

Marki de Sade, i brev til kona hans frå fengselet, etter at ho hadde gitt han melding om dei vilkåra styremaktene sette for at han skulle bli fri.





MARKI DE SADE

1740. Donatien-Alphonse François de Sade fødd i Paris 2. juni. Faren, Grev de Sade, åtte fleire store gods og var ein framstående person ved hoffet.

1750. Markien blir opptatt ved jesuittskolen Louis le Grand Collège i Paris.

1755. Byrjar ein militær karriere. Endar som oberst i 1770.

1763. Giftar seg med Renée de Montreuil. Fengsla første gong etter å ha laga skandale på ein bordell. Kongen gir han husarrest eit halvt år.

1768. Første offentlege «sadistiske» sak. Kjenner seg skuldig i å ha bortført og piska ei ung kvinne. Han blir fengsla, men sett fri mot plikt til å opphalde seg på slottet La Coste.

1772. Markiens første skodespel blir oppført på slottsteatret på La Coste. Offentleg

straffesak mot markien og kammertenaren hans. Dei blir funne skuldige i forsøk på giftmord og sodomi, og dømde til døden utan gyldig prov. Flyktar, og blir avretta «in effige». Reiser rundt saman med svigerinna og kammertenaren, men blir fengsla etter at svigermora har meldt han.

1773. Greier å flykte frå fengslet. Held seg gøymd hos kona si på La Coste.

1775. Stor skandale som omfattar fleire unge tenestefolk av begge kjønn. Krav om livsvarig fengsling.

1777. Fengsling i Paris. Dødsdommen blir oppheva, men han er framleis fange. Blir 13 år i fengsel utan lov og dom. I desse åra skriv han «Dialog mellom ein prest og en døende mann», «120 dager i Sodoma» og «Dydens ulykker».

1789. Den franske revolusjon bryt ut.

1790. De Sade sett fri av dei revolusjonære.

1790/92. Théâtre Italien, Comédie Française og Théâtre Molière spelar stykka hans. Aktiv revolusjonær.

1793. Kongen avretta. Terroren byrjar. De Sade tek offentleg avstand frå brutalitetane, og krev slutt på dødsstraff. Blir fengsla, og unngår så vidt terroren.

1794. Fri, men fattig. Lever i naud dei neste åra.

1800. «Les Crimes de l'Amour» og «Justine» får sterk kritikk og fører til politigransking.

1801. Fengsling – igjen utan lov og dom.

1803. Overført til sinnsjukehuset Charenton.

1811. Napoleon bestemmer personleg at de Sade skal haldast innesperra, men bøkene hans blir selde illegalt.

1814. Marki de Sade dør på sjukehuset, 74 år gammal.



Om Marki de Sade:

«... den friaste ånd som nokon gong
har levd ...»

Guillaume Apollinaire

«Det er nødvendig på ny og på ny å
kome tilbake til de Sade ...»

Charles Baudelaire

«Den dagen og det hundreåret vil
kome da det vil bli reist statuar av han
i kvar by ...»

Charles Swinburne





Baronesse de Simeane
Unn Vibeke Hol



Grevinne de Saint-Fond
Jorunn Kjellsby



Madame de Montreuil
Henny Moan

Yukio Mishima

Madame de Sade

Omsett av Edvard Hoem

Musikk Olav Anton Thommessen

Regi Ola B. Johannessen

Dekor og kostyme Helge Hoff Monsen

Maske Barbro H. Haugen

Inspisient Brita Gaarder

Rekvisitør Tone Osa

Sufflør Anne Fladmoe



Renée, Madame de Sade
Ragnhild Hilt



Anne, yngre syster til Renée
Elisabeth Sand



Charlotte, husstyrarinne
Siri Rom

I orkestret:

Orkesterleiar Gunnar Aas (slagverk)
Øyvind Ekorness/Mikko Lampila (cello)
Mia Göran/Lotte Havnevik (fløyte)
Tor Welo (synthesizer)

Stad: Huset til Madame de Montreuil i Paris

Tid: 1. akt – september 1772
2. akt – september 1778
3. akt – april 1790

Det er pause mellom aktene

Noregspremiere på Scene 2 den 5. januar 1989

Teaterforlag: Nordiska Teaterförlaget/Edition Wilhelm Hansen

Halfdan W. Freihow

Utdrag frå etterord i «En maskes bekjennelse» av Yukio Mishima.

Skribenten – i sin 25 år lange karriere gav Mishima ut i overkant av 150 bøker; romanar, skodespel, lyrikk, noveller, essays. Han var alt omsett til ei rekkje språk, og allment godkjend som ein av dei fremste stilistane og kjennarane av det japanske språket i si tid.

Scenemennesket – Mishima verka som manusforfattar, regissør og skodespelar innanfor så ulike genrar som klassisk kabukiteater og gangsterfilmer i B-klassa. Femten av hans eigne romanar vart filmatiserte med til dels stor kunstnarleg og komersiell suksess.

Verdsmannen – ved fleire høve var Mishima på reiser rundt i verda i mange månader, og han var som få japanarar fortruleg med vestleg kultur og litteratur. Denne japanaren som var «for japansk for sine eigne», las som trettenåring verk av Rilke, Radiguet og Wilde, og uttalte i vaksen alder at «mitt livsideal er å sitje i ein rokokkostol i Levi's og hawaii-skjorte».

Sportsmannen – frå 1955 og fram til han døydde heldt Mishima eit strengt treningsprogram tre dagar i veka. I 1968, da han var 43 år gammal, fekk han sin femte dan i kendo. Han leidde sjølv treningsleirane for dei hundre kadettane sine i «Skjoldsamfunnet».

Posøren – tilsynelatande umetteleg når det galdt offentleg oppstuss, let Mishima aldri ein sjanse gå frå seg til å sjokkere og overraske. Han poserte blant anna flittig som fotomodell, gjerne i makabre dødsscenar som



viste han druknande i gjørme, bli knust under ein lastebil, med ei øks planta i skallen, eller som sin yndlingsfigur, martyren St. Sebastian bunde til eit tre og gjennomhola av piler.

Gjennom heile sitt vaksne liv var Mishima sett på som den fremste forfattaren i sitt land (til og med samanlikna med kjende kollegaer som Yasunari Kawabata, Kobo Abe og Kenzaburo Oë), men han var også Japans desidert største kjendis og kulturelle uromoment. Likevel kunne han i juli 1970 – fire månader før det lenge planlagde sjølv mordet – skrive i ein avisartikkel: «Når eg tenkjer på dei siste 25 åra i mitt liv, undrar det meg kor tomme dei var. Eg kan knapt seie at eg har levd.»

Ex Libris, 1986.

YUKIO MISHIMA

1925. Kimitake Hiraoka fødd 14. januar.

1931. Byrjar på Gakushuin, ein skole for overklassebarn.

1938. Byrjar å skrive i skoleavisa.

1940. Blir presentert for den kjende poeten Ryuko Kawaji, og tek til å skrive dikt under hans rettleiing.

1941. Avsluttar sitt første større verk som blir publisert i tidsskriftet Bungei Bunka. Tek kunstnarnamnet Yukio Mishima.

1942. Publiserer patriotiske dikt i skoleavisa. Sansen for dei japanske klassikarane er vekt.

1944. Går ut frå Gakushuin som beste elev i si klasse, og får ein pris – ei sølvklokke – av Keisaren.

1945. Slepp unna militærtjeneste, og arbeider på ein flyfabrikk det siste krigsåret.

1946. Studerer jus ved universitetet i Tokyo.


1948. Seier frå seg ei stilling i finansdepartementet, og vil leve av forfattarskapen. Byrjar på «En maskes bekjennelse», ein sjølvbiografisk roman der han skildrar dei homoseksuelle og sadomasochistiske fantasiane hos dei unge i hans generasjon.

1949. Boka kjem ut i juli og Mishima blir plassert i den litterære eliten. Hans første teaterstykke «Kataku» blir framført.

1952. Reiser til USA, Brasil og Europa, der møtet med Hellas og klassisismen gjer eit sterkt inntrykk.

1954. Gir ut bestseljaren «The Sound of Waves». Skriv også stykket «Shiro Ari no Su» som stadfester hans ry som skodespelforfattar.

1956. Skriv to av dei største suksessane i karrieren: Romanen «Den gyldne paviljongens tempel» og stykket «Rokumeikan».



1957. Invitert til USA etter at fleire av bøkene hans er utgitt der. Blir i 6 måneder og lærer seg engelsk.

1958. Giftar seg med Yoko Sugiyama.

1960. Gir ut «After the Banquet», ein satirisk roman om politisk liv i Japan. Spelar i sin første film.

1961. Blir truga på livet på grunn av «After the Banquet».

1964. Olympiaden i Tokyo. Mishima skriv om hendingane med entusiasme.

1966. Kjem i kontakt med den militære sjølvforsvars-gruppa Jietai, og får trene på basen deira.


1967. Prøver å opprette sin eigen private hær, Tatenokai.

1968. Mishima igjen nominert til Nobelprisen i litteratur, men prisen går til læremeisteren hans, Kawabata.

1969. Den private hæren hans blir ignorert i Japan. Han har fått eit rykte som høgorientert, og mistar populariteten i det litterære selskapet Bundan.

1970. Mishima avsluttar sin fire binds roman om japansk borgarskap i dette hundreåret med «The Sea of Fertility». Bestemmer seg for å ende livet på ein verdig, japansk måte. Den 25. november gjer han offentlig hara-kiri i militærhovudkvarteret i Tokyo saman med sin nestkommanderande i Tatenokai, studenten Morita. Sjølvmordet var ein protest mot Japans forsvarspolitikk i etterkrigsåra, og forfallet i japansk moraltradisjon.





BIBLIOGRAFI

Av Mishima på norsk.

- Den gyldne paviljons tempel, Gyldendal 1963
- Sne om våren, Ex Libris 1966
- Sjømannen som falt i unåde hos havet, Gyldendal 1966
- En maskes bekjennelser, Ex Libris 1986
- Vifte med vinterlandskap, radioteatret 1959
- Damasktrommen, radioteatret 1960
- Ansikt i speilet, radioteatret 1964
- Drømmeputen, radioteatret 1975
- Aoi, Det Norske Teatret 1986

Om Mishima

- Mishima, A Biography, John Nathan, Boston/Toronto 1974
- The Life and Death of Mishima, Henry Scott Stokes, New York 1985.
- Mishima eller Tomheten oppenbarad, Marguerite Yourcenar, tidskriftet Jakobs Stege 1984.

Av Marki de Sade på norsk

- Justine, Pax Forlag 1980 (omsett av Jens Bjørneboe)

Om Marki de Sade

- Sade i surrealismen, Svein Erik Fauskevåg, doktorgrad 1978
 - Den sadiske kvinnen, Angela Carter, Pax Forlag 1980.
 - Theatrum Sadicum, Arthur Maria Rabenalt, Emsdetten 1963.
 - The Marquis de Sade, Donald Thomas, London 1976.
 - Marquis de Sade: The man and his age, Ivan Bloch, New York 1974.
 - Den gåtfulla Marquis de Sade, Per Meurling, Stockholm 1956.
- Sades samla verk, «Oeuvres complètes», vart utgitt i Paris i 1961.



10g161398

BLOMSTER FOR GENET

(Hommage à Jean Genet) 1. Canto

Maria, alle smerters moder
Nevn vårt navn i dine bønner!
Vi er alle tornekronet
Vi er alle dine sønner!

Halliker og sodomitter
Blottere og transvestitter
Pederaster, fetisjister
Diktere og masochister
Drankere og morfinister –
Jomfru, alle smerters moder
Trøst Genet, vår stakkars broder!
Også han er tornekronet.

Tyver, horer og Genet –
Vi som hang på begge sider
Av din sønn på smertens tre –
Vet hva Verdens Frelser lider.

Jomfrumoder, bare vi
Vet hva nådens kalk vil si:
Kronens torner blir til roser.

Jens Bjørneboe

Det Norske Teatret

SCENE 2